



Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

Møtestad: Teams

Dato: 30.04.2026

Tidspunkt: 14:00 - 15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karoline Aldis Bjerkeset	Leiar	Gloppen kommune
Erlend Haugen Herstad	Nestleiar	Sunnfjord kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tommy Sævareid	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn

Alf Erik Røyrvik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 10/26	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 11/26	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
ST 12/26	Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og Ålfotbreen verneområdestyre - høyring - utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar		2024/18206
ST 13/26	Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen - planlegge felles studietur i 2026		2026/7867

ST 10/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

ST 11/26 Val av styremedlem som skal signere protokoll

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Erlend Haugen Herstad vart valt til å signere protokoll saman med styreleiar.

ST 12/26 Naustdal-Gjengedal verneområdestyre og Ålfotbreen verneområdestyre - høyring - utredningsoppdrag om organisering av verneområdeforvaltarar

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Styra har gjennomført felles styremøte mellom Ålfotbreen verneområdestyre og Naustdal-Gjengedal verneområdestyre.

Begge styra er godt nøgd med korleis dagens ordning fungerer. Styra ser det vidare som viktig å halde på kvalitetane ved dagens ordning, med tydeleg lokal/regional forankring. Samstundes er det viktig å styrke samarbeidet mellom områdeforvaltarane og mellom områdeforvaltarane og miljøforvaltninga elles (både funksjonar hos Statsforvaltaren og Miljødirektoratet/SNO).

Styra ser følgjeleg alternativ 1 eller 2 som det mest høvelege.

ST 13/26 Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen - planlegge felles studietur i 2026

Innstilling frå forvaltar

Styra konkretiserer detaljar for studietur for begge styra i 2026.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 30.04.2026

Handsaming i møte

Vedtak

Styra gav styreleiarane og verneområdeforvaltar i oppdrag å planlegge felles studietur for begge styra i 2026.

Føringar:

- Det vert lagt opp til ein tur over 3 dagar (2 overnattingar).
- Turen vert primært i veke 39, alternativt i veke 34.

Forvaltar sjekkar med styremedlemmene som ikkje var med på møte i dag, kva veke som passar best for dei.